



Elins Matgleder

Uskedalen er på veg til å bli matgledens dal i Kvinnherad!

**Er vi no på veg til å finna det som kallast ei nisje i marknaden?
I alle fall har det vel sjeldan vorte satsa så sterkt her på å investera i ein bestemt sektor og det utan at det ligg nokon vedteke eller samordna strategi i botnen.**

Kva er det no som skjer?

Her er ei reint stikkordmessig oppsummering:



Kafe kjem på Brekktoppen

- * Brødrene Hjørnevåg representerer tradisjonane og er ein solid hjørnestein når det gjeld produksjon av mat.
- * Friheim Gardsmat oppe i dalen har no i ei årrekkje produsert mat av første klasse og har planar om sterkare satsing på hjorten.
- * Systrene Nilsen - tidlegare Vertshuset - satsar og på servering av mat
- * Elin Enes starta for 3 månader sidan Elins Matgleder som er eit nytt og spennande konsept
- * Innunder påske opnar vogna som sel Thaimat utanfor Gamleskulen.
- * Om ikkje lenge opnar innflyttarar frå Litauen kafeen SAJA på Brekktoppen



Thaivogna opnar snart

Spørsmålet nokre skeptikarar stiller seg er om alt dette er liv laga. Det er det sjølvsagt umogeleg å svara på i dag, men la oss registrera haldningen til Elin Enes som eit godt teikn. Ho seier til uskedalen.no at ho slett ikkje er redd for konkurransen men tvertimot ser fram til at Uskedalen vert ein matdal! Dei som driv i bransjen kan utfylla kvarandre.



Systeme Nilsen

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Friheim Gardsmat